

NOTAT

OPPDRA�	Detaljreguleringsplan for Aksla	DOKUMENTKODE	616695-plan-not-1
EMNE	Motsegn til plan	TILGJENGELIGHET	Åpen
OPPDRA�SGIVER	Bremanger Quarry AS	OPPDRA�SLEDER	Solveig Renslo
KONTAKTPERSON	Michiel Peters	SAKSBEHANDLER	Solveig Renslo
KOPI		ANSVARLIG ENHET	Multiconsult Norge AS

SAMANDRAG

Fylkesmannen og Fylkeskommunen har fremma motsegn til planen. Grunnlaget for motsegna er at tiltaket ikkje er vurdert og avklara i kommuneplanens arealdel. Fylkesmannen ser det som viktig at store steinbrot med omfattande landskapsverknader blir avklart i arealdelen til kommuneplanen, kor den samla ressurstilgangen, alternative uttaksstader, utskipingsstader og ulike verne- og brukarinteresser kan sjåast i samanheng. Dei meier det er uheldig å opne for eit så omfattande tiltak med vesentlege konsekvensar for landskap, naturmangfald og friluftsliv, i strid med arealdelens tilhøyring til kommuneplanen. På bakgrunn av dei store negative verknadane for landskap og naturmiljø, og at tiltaket ikkje er i samsvar med arealdelens tilhøyring til kommuneplanen, er det fremma motsegn mot planlagd etablering av steinbrot på Aksla med tilhøyrande anleggs- og utskipingsareal.

Omtale av korleis merknadar og motsegn er svara ut i planen

Omtale av korleis merknadar og motsegn er svara ut i revidert planforslag, er gjort i same rekkefølje som uttalen frå fylkesmannen og fylkeskommunen i den rekkjefylje. Det er ikkje referert frå uttalane i føreliggande skriv.

Omtale til uttale frå Fylkesmannen (dagsett 4.9.2018)

Tilhøvet til overordna plan

Kommuneplanen sin arealdel er under revisjon. Tiltaket er innarbeidd i revidert plan som er vedteke lagt ut til høyring. Planen skal ut på høyring i mars 2020.

Landskap

Utforming av tiltaket er endra, og omfanget er langt mindre. Uttaksområdet er redusert frå omlag 1160 daa til 840 daa. Utskipingsområdet er redusert frå omlag 60 daa til 30 daa. Steinbrotet vert utforma slik at ryggen av Aksla vert stående igjen, slik at verknaden sett frå Vingen og Frøysjøen vert tilnærma uendra i høve til slik det er i dag.

Konsekvensane for landskapsbilete er endra frå middels til stor negativ(--/-) til i revidert planframlegg å vere middels negativ(--). Det har samanheng med at tiltaket vert mindre synleg frå indre kyst- og fjordlandskap og frå Hornelen, som er eit nasjonalt viktig landemerke. Det vert elles vist til revidert konsekvensutgreiing, KU notat datert 21.1.2020.

Naturmangfald/biologisk mangfald

Utskipingsområde vert langt mindre enn i planforslaget som låg ute til offentleg ettersyn. Det var om lag 60 daa, revidert forslag om lag 30 daa. Hovudmengda av stein skal i revidert plan lagrast

00	27.1.2020	Endringer i plan vedrørende mot segn frå FM og FK	S.R	V.E
REV.	DATO	BESKRIVELSE	UTARBEIDET AV	KONTROLLERT AV
				GODKJENT AV

oppe i brotet. Utskipingsområdet i revidert planframlegg er lokalisert til den delen der konflikt med biologisk mangfold er minst. Ingen raudlista artar vert direkte råka. Dei registrerte funn av raudlisteartar vert i større grad teke omsyn til. Det knytt føresegns til merking og sikring av dei områda som skal takast i vare , slik at dei ikkje vert skada i samband med anleggsarbeidet. Revidert planforslag vert vurdert som mindre konfliktfylt, og er gitt middels negativ konsekvens i revidert planframlegg, mot stor negativ konsekvens i opphaveleg forslag.

Vassmiljø

Skorabovatnet er ikkje klassifisert. For å få til eit tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å klassifisera vatnet, må det gjerast fleire prøvetakingar. Det er eit relativt omfattande arbeid. Prøvetaking må gjerast i sommarhalvåret, og det vil forsinke framdrift for handsaming av planen tilsvarande.

Vassstrengen som Skorabovatnet er ein del av, er allereie påverka av steinbrots drift. Bekkens utløp til Frøysjøen er for marginal til at det kan være noe stabilt anadromt fiskesamfunn her. Vassdraget sin funksjon som leveområde for fisk, akvatisk naturmiljø og vanntilknytta vilt har avgrensa ein ferskvannslokalitet av lokal verdi (C), jfr. 616695-TVF-RAP-0001. Vurderinga som var gjort av Skorabovatnet i samband med søknaden vert ståande i revidert søknd. Dette fordi vassdraget allereie er påverka av pågående steinbrot og vassdraget si funksjon som leveområde er avgrensa til lokal verdi. Den økologiske tilstanden er truleg moderat. Det er grunn til å anta at ei etablering av steinbrotet på Sætrefjellet vil redusere vassdraget sin økologiske status frå moderat til dårleg, ref. vurderingar i Planomtalen, kpt.7.4 Naturverdiar/naturmangfold. Miljøtilstand til vatnet vil truleg ikkje vil vere avgjerande med omsyn på godkjenning av søknaden.

ROS

ROS-analyse er revidert når det gjeld flaum- og skredfare. Hending 1 - 5 i ROS-analysen er oppdatert i samsvar med dei faglege vurderingane frå skredkartlegging og flaumsonekartlegging, jfr. 616695-RIGberg-RAP-003, Multiconsult datert 10. januar 2020 og 616695 RIVAVASS-NOT-001 Multiconsult, datert 15.februar 2019.

Oppdatert ROS analyse fører ikkje til endringar av arealformål. Det er satt inn ei ny føresegns knytt til omsynssone Flaumfare H320 vedrørande byggeforbod innanfor flaumsona. Skredfaresonane er justert i samsvar med utarbeida skredfarekart.

Skredfarekartlegging

Det er gjort ei vurdering av skredfare etter plan og bygningsloven (TEK 17). Undersøkinga og analysen omfattar i hovudsak skredhendingar frå naturleg terrengr. Undersøkinga og tilhøyrande vurderingar syner at deler av det aktuelle området er utsett for steinsprang og snøskred. I samband med revisjon av skredrapporten etter 1.gongs høyring er det laga eit skredfarekart ut frå undersøkingane som vart gjennomført i 2017. Skredfarekartet er vedlagt den reviderte rapporten, jamfør rapport 616695-RIGberg-NOT-001,rev.03, Multiconsult, datert 10. januar 2020. Deler av dette arbeidet er innarbeida i planomtalen kapittel 5.10.

Faresonene som kom fram i faresonekartlegginga er innarbeidd i reguleringsplanen som omsynssone H310_1 – H310_3 med tilhøyrande føresegner. Det er stilt rekkeføljekrav om nødvendige skredsikringstiltak for utskipingsareala jamfør føresegnsområde #2 og området over tunellutløpet.

Skredfareendringa fører ikkje til endringar av arealformål.

Flaumsonekartlegging

Det er utført flaumsonekartlegging for vassdraget og det er utarbeidd flaumsonekart, jamfør rapport 616695-RIVvass-RAP-001, Multiconsult, datert 15. januar 2019. Deler av dette arbeidet er innarbeida i planomtalen kapittel 5.10, 6.9, 7.12 og kapittel 9 ROS-analyse.

Det er ikkje gjort endring i arealformål som fylje av flaumberekning og flaumsonekartlegging. Det er gjort endring i føresegnsene, ved at det er satt inn ein ny §7.3 om byggeforbod innanfor flaumsona. Det er ikkje foreslått sikringstiltak i vassdraget.

Motsegn til plan

Risiko for havstigning og stormflo

Hending nr.6 i ROS analysen er aktuell hending. DSB sin rettleiar Havnivåstigning og stormflo - samfunnssikkerhet i kommunal planlegging er lagt til grunn i vurderinga. Føresegn § 3.8 og 3.9 er knytt til anlegg i utskipningsområde.

Uttale frå Fylkeskommunen (dagsett 3.9.2018)

Kulturminne

Utforming av tiltaket er endra, og omfanget langt mindre. Uttaksområdet er redusert frå omlag 1160 daa til 840 daa, mens utskipningsområdet er redusert frå omlag 60 daa til 30 daa. Planen er endra slik at den delen av landskapet som er synleg frå Vingen helleristingsfelt i svært liten grad vert endra i høve til referansealternativet (dagens situasjon med vindmøllane). Planjusteringa vil føre til at steinbrotet i svært liten grad vert synleg frå Vingen (berre frå toppane på nordsida av Vingepollen), og konsekvensane for dette kulturmiljøet vert etter revisjon vurdert som ubetydeleg til liten negativ (0/-), mot planframlegget som var til høyring kor konsekvensvurderinga var liten negativ konsekvens. Det vert elles vist til planomtala kpt.5.4, 6.10,7.3 og 8.5.

Det er berre nyleg avdekka kulturminne på Instre Bårdvikneset (id 232593) som vert råka av revidert plan. Nedsviingslaget (kol-laget) har noko verdi, og sett i samanheng med at det er frå same fase som Vingenfeltet, vil det ha stor kunnskapsverdi. Noko av kulturminnet vert råka og må frigjevast. Konsekvensen for delområde er vurdert til middels negativ (--) i revidert KU notat.

Med unntak av kol-laget som får middel negativ konsekvens (--) vil tiltaket få liten negativ (-) til ubetydeleg konsekvens (0) for øvrige kulturmiljø. Tiltaket er samla sett vurdert i revidert planframlegg å medføre ubetydeleg til liten negativ konsekvens (0/-).

Landskapsbilete

Omfang av uttak er mindre i revidert planframlegg enn i det som var på høyring, fordi areal som utgjer ryggen av Aksla vert ståande igjen. Det er i revidert plan tilrettelagt for uttak av ca. 360 millionar tonn (tidlegare ca. 500 millionar tonn). Sjå elles merknad til Fylkesmannen om landskapsbilete over.

Vassmiljø

Sjå merknad til Fylkesmannen over.